

Merknad til interkommunal plan for sjøareal - etter 3. gangs høring					
Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad
1	10.07.2023	Forsvarsbygg		<p>Ved gjennomgang av planforslaget til 3.gangs høring finner vi at plankartet er tilstrekkelig og at sonene har fått sine riktige utbredelser og dekning.</p> <p>Til bestemmelsene mener vi det likevel fortsatt bør gjøres noen justeringer for at skillet mellom de ulike sonene skal bli tydeligere.</p> <p>For SØF Hjeltefjorden er ordlyden angitt i bestemmelsen tilstrekkelig. Vi vil likevel be om en mindre presisering til forbudsområda (Jf. 4,1.4 e., i bestemmelsene). Her er forbudsområdene omtalt som «Skyte- og øvingsfelt (Herdla og Herdlefjorden). Det riktige skal være «Forbudsområder».</p>	Merknaden tas til følge og føresegn vert endra
2	04.08.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Austrheim	<p>Eksisterande lokalitet Allersholmen har hatt kontinuerlege luseangrep til dels langt over lusegrensa og miljøtilstanden er svært dårleg med stor forureining av sjøbotn. Fiskeridirektoratet meiner tilstanden er uakseptabel og vurderer pålegg, m.a. reduksjon av biomasse.</p> <p>Naturvernforbundet ønskjer nedlegging av lokaliteten.</p>	Allersholmen er foreslått tatt ut når Senoksen vert tatt inn som lokalitet.
2	04.08.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Alver	<p>Naturvernforbundet ønskjer nedlegging av minst ein av lokalitetane i Austfjorden, fortrinnsvis Leirvika, og nedlegging av Storskrebukti i Hindenesfjorden.</p> <p>Innspelet om samanslåing av Leirvika og Rekeviki må avvisast. Det same må innspelet om ny lokalitet Einestrand og Sørkvingevågen.</p>	I indre del av Fensfjorden, Aust- og Hindenesfjorden legg ein i plan opp til ei omstrukturering. Det inneber at fleire, mindre og eldre akvaområde som dels ikkje er i bruk vert tatt ut av plan. Av område som er i bruk ønskjer ein å samordne fleire område til eit større. Etter 1GH vert område (Vikane) i Masfjorden prioritert. Konskevensutgreiinga er nok raud av ulike grunner, men ein meiner at samla sett vert ei gjennomføring av tiltaket ei forbetring.

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad
2	04.08.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Alver	I dei sørvende vikane i Midtmarka mot Flatøyosen har det i områdereguleringa kome framlegg om to større småbåthamner mellom Skitnedalsvika og Eidavika. Hamnene vil vera eit stort inngrep i strandsona og eit betydeleg hinder for friluftslivet i osen som m.a. vert mykje nytta til padling. Naturvernforbundet vil be om at småbåthamnene vert tekne ut av den interkommunale planen.	Flatøyosen og Håøya (Alver) er det mange som har meiningar om. Uansett bruk i sjø er området slik at det har stor verknad for bruk på land og motsatt. Innspela motteke til dette området er ført over til arbeidet med kommuneplanens arealdel for land i Alver kommune slik at ein samla og betre får vurdert og jobba med spørsmåla knytt til både sjø og land.
2	04.08.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Alver	Radfjorden Naturvernforbundet ønskjer nedlegging av minst tre av lokalitetane, fortrinnsvis Ramsvik, Grasholmen og Bogno. Dessutan bør Toska S i den tilstøytande Mangersfjorden vurderast for nedlegging.	I framlegget til plan er det tatt innspel frå tiltakshavar (Blom) om omstrukturering slik ein meiner at og tiltak om dette i Austfjorden vil forbetre tilhøva. I framlegget er lokalitetane Bognøy og Ramsvika tatt ut som akvakulturområde. Så er det fortsatt slik at arbeid med arealplan ikkje kan si noko om driftsform og volum på biomasse knytt til akvakulturanlegg. Arealplan har heller inga ramme for å faktisk legge ned lokalitetar. Kan gjere det vankselegare å drive ved å fjerne
2	04.08.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Austrheim	Innspel om ny lokalitet Senoksen må avvisast fordi han har høgt konfliktnivå. I KU vert innspelet ikkje tilrådd.	Senoksen erstattar Allersholmen og Bøøy. Totalt sett gir det ei betre løysing for området.

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad
2	04.08.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Alver	<p>Naturvernforbundet medhald og har bede Kommunal- og distriktsdepartementet om ny vurdering av lokalitetane, dvs. Gjerdneset, Skjelanger og Kjepevikholmen.</p> <p>Det vil vera naturleg å gjera slik vurdering i Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland. Det er ikkje gjort, men Gjerdneset og Skjelanger er som dei einaste i planen likevel gjort om frå akvakulturføremål til bruk og vern av sjø og vassdrag, men altså utan KU.</p> <p>Vi spør oss kvifor ikkje lokaliteten Kjepevikholmen og fleire andre eksisterande lokalitetar med konfliktpotensiale ikkje er tekne ut av planen slik som Gjerdneset og Skjelanger.</p> <p>Uansett meiner Naturvernforbundet at Sivilombodet si avgjerd ansvarleggjer Alver kommune å vurdera Kjepevikholmen på nytt. Det bør skje ved at kommunedelplan for havbruk i Meland (Alver) vert innarbeidd i den nye interkommunale planen for sjøareal.</p>	<p>Generelt må det presiserast at det eksisterar det ikkje nokon kommunedelplan for havbruk i Meland (Alver). Når det gjeld det å ta ut arealføremål frå plankartet kan dette gjerast utan KU. Dei tidlegare fleirbruksområda for Skjelanger og Gjerdneset som låg inne i kommuneplanens arealdel for Meland har i prosessen med dette planarbeidet vert spelt inn på nytt som areal for einebruk akvakultur. Dette låg til vurdering før 1GH og blei gjennom arbeidet med KU fasa ut av planarbeidet. I høve til vurderingar knytt til kommuneplanens arealdel for Meland kommune har departementet gjennomgått saka på nytt og har ikkje funne det naudsynt å ende grunngeving eller konklusjon knytt til lokalitetane Gjerdeneset, Skjelanger og Kjepevikholmen.</p>
2	04.08.2023	Naturvernforbundet Nordhordland		<p>Til 3. gongs høyring ligg det framleis to lokalitetar for skjelsandutvinning: Lyngoksen i Austrheim og Mågøyosen på Fedje. I KU kjem både Lyngoksen og Mågøyosen ut med raudt. Det skuldast først og fremst risiko for skade på naturmangfald, men også kulturminne og friluftsliv.</p> <p>Lokaliteten på Lyngoksen vil ha svært kort avstand til akvakulturlokaliteten som er gjort framlegg om ved Senoksen og i torskeoppdrettslokaliteten i Trøvika. Dessutan er det fleire kaste- og låssettingsplassar i området.</p> <p>Naturvernforbundet meiner begge innspela må avvisast</p>	<p>Alle lokalitetar for uttak av skjellsand vil alltid verte raud i KU då dei er rekna som eigen naturtype og uttak fører med seg direkte inngrep. Samstundes er det slik at uttak og bruk av skjellsand er ei etablert og framleis akseptert næring og nyttast mellom anna mykje som naturleg gjødsel i landbruket. I tillegg lagast mange bynære (kunstige) strender, som sjølvstakt kan diskutast, men er ofte til bruk for ålmenta.</p>
2	04.08.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Austrheim	<p>Eksisterande lokalitet for torskeoppdrett, Trøvika. bør leggjast ned av di torskeoppdrett på generell basis slit tungt med sjukdom og mykje røming med stor risiko for genetisk skade på kysttorsken.</p>	<p>Ein arealplan legg ikkje ned drift på ein lokalitet for oppdrett, men ein kan ta arealføremålet ut av plan og slik sett gjere det vanskeligare å gjere endringar i eller på anlegget. Arealet vert ikkje tatt ut, men sektormyndene må følgje opp slik at ikkje produksjonen gir uønska effekter.</p>

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad
2	04.08.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Osterøy	Naturvernforbundet ønskjer nedlegging av lokalitetane på Tepstad og Eikebærånæ. Vi går i mot utviding av Tepstad.	Lokalitetane Tepstad (Osterøy) og Eikebæråna (Alver) vert ført vidare. Området for lokalitet Tepstad vert endra og flytta noko ut i frå land.
2	04.08.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Austrheim	Innspelet om endring av lokaliteten Øksneset vil i følgje KU bandleggja 20-25 % av rekefeltet i Årås vågen. Innspelet må difor avvisast	Lokalitet Øksnes vert ført vidare og arealendringa synes å ha aksept sjølv om den kjem ut i rekefeltet.
2	04.08.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Austrheim	Innspelet om kombinert hamn og akvakultur i Øksnesmarka må avvisast på grunn av høgt konfliktnivå.	Resultat av mekling med SF var at arealet om kombinert formål vert teke ut. I KU som vert jobba med for arealet på land vil vise om arealet i sjø kan vere egna som eit kombinert føremål for hamn og akvakultur. Med det frafallt SF sitt motsegn i meklingsmøte 25.09.23
2	04.08.2023	Naturvernforbundet Nordhordland	Gulen	Naturvernforbundet ønskjer nedlegging av minst ein av lokalitetane, anten Hyseneset eller Gråvika. Vi går dessutan i mot innspelet om utviding av Gråvika slik også KU gjer.	Lokalitetane Gråvika og Hyseneset (Gulen) vert ført vidare. Lokalitet Gråvika er litt utvida og justert etter dialog med Kystverket.
2	04.08.2023	Naturvernforbundet Nordhordland		Naturvernforbundet vil peika på at kunnskapsgrunnlaget for forureina sjøbotn er svært mangelfullt utgreidd i den interkommunale planen, men at fleire sjøområde utanfor gamle og nye industriverksemder der risikoen er størst burde vore angitt som risikosoner. Naturvernforbundet ønskjer at slikt omsyn gjennom kartlegging blir innarbeidd og synleggjort i planen.	Planarbeidet skal vere og er basert på kjent kunnskap. Ein er samd om at kunnskapsgrunnlaget for fleire tema er mangelfullt. Ein del av arbeidsopdraget har må. vore å søkje å få oversikt over nokre av desse manglane. Handlingsplan framover bør og må ha i seg mål om å gjere felles kartlegging av sjøområda.

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskriving av merknad
3	10.08.2023	Kystverket	Gulen	<p>Det er nyleg satt i gang eit arbeid med å utreie ny farlei i området mellom Eivindvik og Nårå som passerer via Nyhammersundet, mellom Lyngholmen og Monsholmen og over Sognesjøen. Denne leia er særleg viktig i dårleg vær.</p> <p>I våre tidlegare fråsegn gjekk ikkje Kystverket til motsegn mot ny akvakulturlokalitet nord for Hisarøyna, men vi oppmoda til å avklara bruken opp mot lokal farlei. Viser til vårt brev datert 15.12.2022: Vi ser oss difor nøydt til å fremje motsegn til akvakulturområdet nord for Hisarøyna fram til det ligg føre ei arealavklaringa som sikrar trygg og forsvarleg ferdsl i farvatnet ved planlagt areal til akvakultur nord for Hisarøyna.</p>	<p>I dialog med Kystverket er arealforslaget endra. Det er også KU vurdert.</p>
3	10.08.2023	Kystverket	Fedje	<p>Kystverket opprettheld motsegna mot areal til akvakultur ved Hjeltevarden i Fedje kommune. Vi syner til vår grunngeving i tidlegare brev til 1.gongshøyering datert 23.11.2022 og 15.12.22, og motsegn til 2.gongshøyering datert 20.4.2023 (vedlagt).</p>	<p>Området AKV Hjeltevarden har vore dikutret over tid og fulgt planarbeidet heile vegen. Kystverket og Fedje kommune er sakleg ueinige og kommunen ønskjer at området/arealet skal følgje ved framlegget til plan vidare. Om motsegna vert ståande ønskjer kommunen og bringe saka til mekling. I høve til framdrift og vedtak har ein tidlegare kunne vedta plan som sådan og unnta uavklart område for rettsverknad fram til det ligg ei endleg avgjersle. Denne prosedyren er ønskje avklart før framlegget til plan vert lagt fram for endeleg handsaming i kommunane.</p> <p>Meklingsmøte 25.09.23 - førte ikkje fram.</p>
3	10.08.2023	Kystverket		<p>Det har diverre ikkje vore tid å gjennomgå alle akvakulturområda opp mot seglingssektorane i 3.gongshøyeringa, men døme på ei slik problemstilling er Otterholmane (4631-133-3).</p>	<p>Otterholmen ligg i raud sektor. Er eit eksisterande anlegg som har vore der i mange år. Endring i arealføremål er ein tilpassing til gjeldande bruk.</p>

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskriving av merknad
3	10.08.2023	Kystverket	Austrheim	<p>I Fedjefjorden i Austrheim kommune er det planlagt ein ny akvakulturområde ved fyrlykta Senoksen (ref. nr. 4632-148-1). Nytt område til akvakultur ser ut til å koma i grøn og raud sektor på sørsida av fyrlykta. Etablering av anlegg her må ha god avstand til kvit sektor (minimum 100 m) på grunn skipstrafikken og trafikkbilde. Det er kryssande bileier vest og nord av Senoksen, samt ei trafikkert hovudlei vest i Fedjefjorden. Lyshøgda frå lykta er på 16 meter, og det vil bli stilt krav om at tiltak, som til dømes førflåten, ikkje kan overskride 10 meter ved HAT. Dette gjeld sjølv om tiltaket ligg i grøn eller raud sektor.</p>	<p>Merknadana er registrert og reknar med at Kystverket vil fremme dei når det ligg føre konkret søknad om etablering av oppdrett på lokaliteten.</p>
3	10.08.2023	Kystverket	Austrheim	<p>Utvidinga av areal til akvakultur er uheldig for skipstrafikken, då det er fleire skjær og grunner i sør i og vest for eksisterande lokalitet. Skipstrafikken til og frå Årsvågen må passere nordaust for eksisterande lokalitet og areal til akvakultur i 3.gongshøyeringa snevvar inn farvatnet for større fartøy. Dette er særleg uheldig om det er planar om sjøretta næring lengre inne i Årsvågen</p> <p>Kystverket sitt fagleg råd er å justere inn arealet i NØ for å få betre passasje for skipstrafikken forbi anlegget. Dette er særleg viktig om det er planer for etablering av verksemd/hamn lengre inn i Årsvågen.</p>	<p>Er vurdert</p>

Nr	Dato	Avsender	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsender	Merknad - svar avskriving av merknad
3	10.08.2023	Kystverket		<p>I 3.gongshøyringa er det nytta kombinert formål rundt areal til akvakultur for å viser avsett område for fortøyning av eit anlegg. Vi syner til KMD sin rettleiar «Planlegging i sjøområda» mai 2020 med døme på føresegn:</p> <p>«I områder for kombinerte formål er fortøyninger for akvakulturanlegg tillatt, øvrig anlegg er ikke tillatt.</p> <p>I kombinert formål er det tillatt med utlegging av fortøyninger til havbruksnæring. Fortøyningene må ligge minimum 25 meter under gjennomsnittlig havnivå og ikke være til hinder for farledene og merkesystemet i farvannet. Fortøyningene inn mot land må ligge minimum 2 meter under laveste lavvann. Det er ikke tillatt med utvidelser eller nyetablering av akvakulturanlegg utover fortøyninger innenfor formålet.»</p> <p>Vårt faglege råd er å ta dette med i føresegn 3.1.12 om kombinerte føremål i sjø.</p>	Tatt inn i føresegn
3	10.08.2023	Kystverket		<p>Farleier og seglingssektorar</p> <p>Det er fleire areal til akvakultur som kjem ut i kvit seglingssektor (som syner reint farvatn for skipstrafikken) eller nært opp til kvit sektor. Om dette kan godkjennast kjem ann på trafikkettleik og trafikkbilde i området og må avklarast i den vidare sakshandsaminga i lokalitetsklareringa. Det kan ikkje reknast med å få løyve etter havne- og farvannslova om tiltaket kjem i konflikt med tryggleiken og framkomma i farvatnet.</p>	<p>Dette er tilhøve som må avklarast når konkret søknad om etablering ligg føre. Det er naturleg at Kystverket gjer planen merksam på det no.</p>
4	10.08.2023	Fedje kommune	Fedje	<p>«Kommunestyret ber om at lokalitet for akvakultur på austsida av Fedje (Hjeltevarden) som er flytta noko mot sør for å komme kystverket i møte, blir realisert gjennom planprosessen.</p> <p>Fedje kommune ynskjer å bruke dialogen med kystverket for å finne ei løysing for arealet som begge parter kan være nøgd med. Kommunestyret er ikkje samd med motsegn frå statsforvaltar, og vurderer det slik at lokaliteten tvert imot er godt eigna for akvakultur for å ta i vare</p>	<p>Dette er tatt opp i møte med Statsforvaltar og Kystverket.</p>

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad
5	10.08.2023	Museum Vest		<p>Museet er rette myndigheit til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som vil kunne råke kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar areal under vatn. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovas § 9 også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovas § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.</p>	Innspelet er tatt til orientering.
6	14.08.2023	Blom Fiskeoppdrett AS		<p>Bruk av kombinert føremål for å visualisere utstrekning av fortøyingar i arealplanar har nokre utfordringar dersom det ikkje vert sett av tilstrekkeleg med areal til føremålet i plan.</p> <p>Forslag til utvida areal for fortøyingar ved Senoksen merka med grønne liner. Fortøyingsareal for Senoksen bør vere tilstrekkeleg for ulike anleggsplasseringar/orientering av anlegg og bør strekke seg lenger utover i dei djupe områda rundt Senoksen.</p> <p>Vikane Otterholmen</p>	Tar inn forslaget i areaplan - utviding av det kombinerte føremålet rundt desse tre lokalitetane.
6	14.08.2023	Blom Fiskeoppdrett AS		<p>Føresegn 3.1.9 c) i. b. omtaler omstruktureringa av lokalitetane Senoksen, Bøøy og Allersholmen. Det kan med fordel presiserast i føresegna at lokaliteten Senoksen kan omsøkast etter akvakulturlova, men at produksjon ikkje kan startast før produksjon på Allersholmen og Bøøy er avslutta.</p> <p>Føresegnene kan presisere at det ikkje vert tillate med ny drift av akvakultur etter at noverande drift er avslutta. Dette for å sikre at drifta ved dei to lokalitetane kan vidareførast også i planverket dersom Senoksen ikkje skulle bli klarert som ny akvakulturlokalitet.</p>	Framlegget til plan gir rammer for omstrukturering. Kan ikkje behalde areal i plan i påvente av sakshandsaminga etter akvakulturloven. Same prinsipp vert lagt til grunn for omstrukturering i Radfjorden og Austfjorden.

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad
6	14.08.2023	Blom Fiskeoppdrett AS		<p>Føresegn 3.1.9 c), underpunkt i. c. 1., bør inkludere at det er høve til å søke om klarering av lokaliteten Vikane utan at drifta på dei andre lokalitetane er avslutta. Vidare bør det, med omsyn til at klarering av lokaliteten normalt må gjerast gjennom to sted, sikrast at drift ved Rekeviki kan fortsetje mens ein venter på klarering av Vikane med større biomasse. Her bør føresegna presiserast med at drifta på Rekeviki må vere lagt ned før produksjonen vert auka opp med biomassen frå denne lokaliteten. Dette grunna prosessen som er vist til over.</p> <p>På same måte som for Senoksen er det viktig at arealet for Rekeviki vert vidareført i planen, anten som akvakulturareal eller kombinert føremål med akvakultur. Føresegnene kan avskjere moglegheit for å etablere ny akvakulturdrift med fiskeoppdrett på lokaliteten etter at dagens drift er avslutta.</p>	Framlegget til plan gir rammer for omstrukturering. Kan ikkje behalde areal i plan i påvente av sakshandsaminga etter akvakulturloven. Same prinsipp vert lagt til grunn for omstrukturering i Radfjorden og Austfjorden.
6	14.08.2023	Blom Fiskeoppdrett AS		<p>Føresegna 3.1 e) er endra, der kulepunktet om at det etter godkjenning kan leggjast ut naudsynt fortøying for akvakultur er teke ut. Dette bør endrast tilbake til førre utkast slik at det ikkje vert konflikt mellom kombinert føremål og det overordna føremålet. Det vil vere ei føremon om føresegna ikkje vert endra, då det uansett må søkast om godkjenning for å leggje ut fortøyingar. Det kan fort oppstå behov for dispensasjon for desse tilfella dersom det ikkje er gjort detaljerte fortøyinganalysar for både eksisterande og framtidige anlegg som er teke omsyn til i planen.</p>	Det er ivarettatt i pkt 3.1.9. og 3.1.12 f. Endringa som er gjort er i samråd med Statsforvaltaren.
6	14.08.2023	Blom Fiskeoppdrett AS		<p>Føresegn 3.1.8 iii. omhandlar at fortøyingar i spesielle tilfelle kan gå inn i areal avsett til fiske. Her kunne med fordel tilhøvet knytt til kombinerte føremål vore med, slik at det tydelegare går fram at arealet kan nyttast til fortøyingar for akvakultur etter søknad.</p>	Ser ikkje som det som hensiktsmessig. Dette er ei opning for unntak i eit område der fiske er prioritert.

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskriving av merknad
6	14.08.2023	Blom Fiskeoppdrett AS		Føresegn 3.1.12 verker noko uklar i forhold til kva areal som er omfatta av føresegna. I tillegg er merkinga i plankartet (pdf) noko avvikande når ein ser på nemningane i føresegna sett i forhold til plankartet. Det er lett å sjå kva areal som er lagt ut som kombinert føremål, men det er viktig at merkinga i kartet stemmer overeins med det som kjem fram i føresegnene når det kjem til nemningar på føremålet, då framstillinga av kombinert føremål omfattar fleire ulike kombinasjonar av arealføremål.	Det må gjerast ei kvalitetssjekk av forkortingar i kart og føresegn.
6	14.08.2023	Blom Fiskeoppdrett AS		KU - vurderingstabell - sjå på - Senoksen - Vikane -	Tas ikkje med Senoksen vert vurdert særskilt.
6	14.08.2023	Blom Fiskeoppdrett AS		Me meina at på bakgrunn av dette at føresegn 3.1.9 andre avsnitt bør tas ut eller endrast, slik at ikkje føresegna bidrar til å skape usikkerheit i forhold til korleis handteringa av akvakultur skal skje innanfor forvaltninga og gje tryggare rammer for korleis næringa kan forvente behandling av søknader og gjeldande føringar i den enkelte kommune.	Dette er eit punkt som ikkje bidreg til ukklarhet. Det fortel kva som er kommunane sine forventningar og pbl er ein samordningslov og forureining og vasskvalitet som må takast i vare og samordnast i planarbeid.

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskriving av merknad
7	14.08.2023	Vilgerd Storset Husa	Fedje	<p>Viser til underteikna sitt Innspel, 2. gongs Høyring som er å finne på side 7.</p> <p>Utgangspunktet var: «Føresegn IKP-sjø gjeld unntak frå krav om reguleringsplan vedkomande utliggar på maksimal storleik 22 x 10 meter i SH_01 Kyrkjevågen/Husavågen».</p> <p>Om den geografiske avstanden er kort, er den innhaldsmessige avstanden desto lengre. Det same gjeld forskjellen når det gjeld samferdsleanlegg, teknisk infrastruktur og bruk av tilhøyrande strandsone. I ei hamn med farleistatus skal det ikkje vere ankringsareal. Ein utliggar krev ankringsareal.</p> <p>Skrifteiknet skråstrek (/) mellom desse to vågane, Kyrkjevågen og Husavågen, sidestiller områda, og angir alternativ i tydinga eller, og kombinasjon i tydinga og.</p> <p>Skråstrek i eit interkommunalt planframlegg, som skal fastsetjast som juridisk bindande, kan tolkast som at ein ser vekk frå, eller bagatelliserer, forskjellen med omsyn til hamnstatus.</p> <p>Eg opprettheld difor mitt innspel frå 2. gongs høyring av 10. mai 2023, der eg påpeikar at Kyrkjevågen ikkje er småbåthamn.</p>	<p>Etablerte hamneformål vert vidareført. Når Fedje gjer revisjon av sin arealplan må det gjerast ein totalvurdering av dette. Hamnebassenget sentralt på Fedje har fleire arealformål og består av fleire våger med sine lokalnamn. I kommuneplanen har ein valt å bare bruke namna Kyrkjevågen og Husavågen (i føresegn 3.1.7. Presisering og eventuell endring av dette må Fedje gjere i sin arealplan. I dette arbeidet vert dette bare vidareført som dei ligger.</p>

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskriving av merknad
8	14.08.2023	CIT Holding AS	Alver	<p>Dersom lokaliteten ved Senoksen blir godkjent og tas i bruk av Blom Fiskeoppdrett vil lokalitetene Allersholmane og Bøøy bli ledig. Disse akvakulturområdene skal etter planen slettes, men vi vil fremme forslag til at lokalitetene istedenfor blir omgjort til lokaliteter for torsk.</p> <p>Vi tror derfor at oppdrett av torsk vil gi mindre belastning for lokalitetene enn dagens oppdrett av laks, og vi ønsker å teste ut dette. Oppdrett av torsk er en ny næring med stort potensial, hvor tilgang på sjølokaliteter er det største hinderet for vekst. Vi har én lokalitet i dag, og er avhengig av flere lokaliteter for å få en jevn produksjon av slakteklar fisk gjennom året. Dette vil også danne grunnlaget for å kunne etablere eget mottak og slakteri for torsk i nærheten. Vi ønsker primært at vår vekst skal skje i Nordhordland hvor vi er hjemmehørende, og ved å beholde områdene Allersholmane og Bøøy som akvakulturområde for torsk, vil dette bidra til at denne veksten og verdiskapingen kan skje lokalt.</p>	<p>Det er fleire årsakar til at Bøøy og Allersholmen vert tatt ut som AKV areal. Dette er areal som ein gjerne vil ha disponibelt til meir allmenn bruk. Det er også eit poeng at den totale belastninga i fjorden ikkje bør auke og påverke miljøtilstand negativt.</p>
9	14.08.2023	Kobbevik og Furuholm	Austrheim	<p>Det er i planframlegget lagt inn areal til fortøyingar som eit kombinert føremål i sjø. Det ser ut som det i stor grad er lagt inn tilstrekkeleg areal, men me ser at spesielt mot aust, med ny anleggsplassering, vil det kunne bli noko knapt med areal til dei ytste fortøyingane for å kunne ha optimal standard på desse i følgje tekniske krav i NYTEK-standarden. Me vil tilrå å utvide det kombinerte føremålet noko mot aust, slik at djupne og avstand frå AKV-føremålet blir minst 1:3 då dette truleg vil vere tilstrekkeleg for å tilfredsstille krava i NYTEK-standarden for oppdrettsanlegg.</p>	<p>Tar inn forslaget i areaplan - utviding av det kombinerte føremålet rundt denn lokaliteten.</p>

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskriving av merknad
9	14.08.2023			På generelt grunnlag ser me at bruk av kombinert føremål for å visualisere utstrekning av fortøyingar i arealplan kan vere utfordrande om det ikkje vert sett av tilstrekkeleg areal til føremålet. Då det er noko usikkerheit knytt til tilhøve under vatn, som gjerne ikkje er kartlagt ved eit innspel til planarbeidet, kan det fort bli naudsynt med dispensasjon frå føremål dersom det viser seg at fortøyingar må etablerast annleis enn det planen har teke høgde for. Det bør difor kome tydeleg fram i føresegnene at det kan tillatast unntak for situasjonar der det avsette området for fortøyingar ikkje er tilstrekkeleg for å tilfredsstille gjeldande standardar for fortøyingar.	Det som her vert tatt opp er teke i vare i 3.1.9 a ii kulepunkt 4 Fortøyingar kan ved behov gå utanfor område avsett til akvakultur (AKV) og tilhøyrande kombinert føremål (VK_AKVFE) dersom dette ikkje er i konflikt med tilgrensande arealbruk. Dette vil også bli drøfta med SF.
		Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS			
9	14.08.2023			Føresegn 3.1 e) er endra, der kulepunktet om at det etter godkjenning kan leggjast ut naudsynt fortøying for akvakultur er teke ut. Dette bør endrast tilbake slik at det ikkje vert konflikt mellom kombinert føremål og det overordna føremålet. Det vil generelt vere ei føremon om føresegna ikkje vert endra, då det uansett må søkast om godkjenning for å legge ut fortøyingar. Alternativet er ei dispensasjonshandsaming for alle slike tilfelle, som fort kan oppstå då det ikkje er gjort detaljerte fortøyingssanalysar for både eksisterande og framtidige anlegg.	Det er ivaretatt i pkt 3.1.9. og 3.1.12 f. Endringa som er gjort er i samråd med Statsforvaltaren.
		Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS			
9	14.08.2023			Føresegn 3.1.8 iii. omtaler at fortøyingar i spesielle tilfelle kan gå inn i areal avsett til fiske. Her kunne med fordel tilhøvet knytt til kombinerte areal inngått, slik at det tydelegare kjem fram at arealet kan nyttast til fortøyingar for akvakultur etter søknad.	Ser ikkje som det som hensiktsmessig. Dette er ei opning for unntak i eit område der fiske er prioritert.
		Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS			

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad
9	14.08.2023	Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS		Føresegn 3.1.12 verker noko uklar i forhold til kva areal som er omfatta av føresegna. I tillegg er merkinga i plankartet (pdf) noko avvikande når ein ser på nemningane i føresegna sett i forhold til plankartet. Det er lett å sjå kva areal som er lagt ut som kombinert føremål, men merkinga i kartet bør stemme overeins med det som kjem fram i føresegnene når det kjem til nemningar på føremålet då framstillinga av kombinert føremål omfattar fleire ulike føremål.	Det må gjerast ei kvalitetssjekk av forkortingar i kart og føresegn.
10	14.08.2023	Lerøy Vest AS Lerøy Sjøtroll	Alver	Bogno - Radfjorden Ut frå dette vil LS be om at Alver kommune tar med eksisterande AK-område ved Bogno i Radfjorden. Det same gjelder for AK-område ved Bjørsvik, her kan ein i framtida nytta semilukka anlegg med oppsamling av slam og redusera tida fisken er utsett for lus og smitte- agens i opne merdar.	Bogno - forslag er tatt opp med med Statsforvaltaren. Tilbakemeldinga var at det ville gi motsegn. Forslaget er difor ikkje tatt inn. Bjørsvik - ligg nær nasjonal laksefjord. Ikkje aktuelt å behalde som akvakulturområde.
10	14.08.2023	Lerøy Vest AS Lerøy Sjøtroll	Fedje	Kystverket har tidlegare avvist søknader på eksisterande AK areal, og Lerøy har tidlegare foreslått at dette arealet med fordel kan bli skyvd sørover for å gi betre plas til losbåten. Lerøy går gjerne i dialog med kommunen og Kystverket på akkurat dette spørsmålet, og vi ser ikkje bort frå at det er mogleg å gjera ytterlegare justeringar for betre å legge til rette for Kystverket.	Dette vert følgt opp av Fedje kommune.

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskriving av merknad
10	14.08.2023	Lerøy Vest AS Lerøy Sjøtroll	Fedje	<p>Lerøy har et ønske om å etablere havbruksaktivitet og arbeidsplassar i Fedje kommune, og har gjennomført grundig forarbeidet for å vurdere moglegheitene for etablering av havbruksverksemd i området. Området øst av Innarsøyane peiker seg ut som svært godt egna.</p> <p>Området øst av Innarsøyane er vurdert til å ha høy bereevne og eksponeringsgrad, stor djupne samt god vassutskifting (figur 1). Lokaliteten vurderer vi også som svært godt egna for nedsenka merdteknologi. AIS-data viser at det lite trafikk i det ønska området (figur 2), i tillegg til at plasseringa ikkje er i konflikt med aktuelle lyktesektorer (figur 1).</p>	<p>Det er for seint i planprosessen å kome med nytt innspel til areal. Det må mellom anna KU vurderast og nye høyringar.</p>
10	14.08.2023	Lerøy Vest AS Lerøy Sjøtroll	Alver	<p>Lokalitet 13566 Storskredbukti - Hindenesfjorden</p> <p>LS disponera i dag ein stamfisklokalitet i sjø ved Storskrebukti i Hindenesfjorden. Her visar vi til innspel i 2. høyring, der vi anbefalte kommunen å leggja til rette for eit større AK-område.</p> <p>Ut frå dette ber vi derfor kommunen om å vurdere forslaget på nytt og ta med AK- område LS spelte inn ved Storskredbukti i 2. høyring.</p>	<p>Viser til 2. gongs høyring. Forslaget til utviding er for stort til at det kan kan realiserast. Etter vår kunnskap er indre fjordområda plaga med lus og det synes difor ikkje vere aktuelt å sette av større areal. Det er også omsyn til friluftsliv som ein ønskjer å ivareta i området.</p>
11	14.08.2023	Alver kommune kulturavdelinga		<p>I uttalen i samband med første gongs høyring hadde me innspel til kapittel 5.2 Kulturminne og kulturmiljø i planskildringa. Mellom anna påpeikte me at fiskarbonden og komibinasjonen jordbruk og fiske, som kanskje er den næringa som har sett flest spor i kystlandskapet, ikkje var nemnd i planskildringa. Heller ikkje naust er omtalt under Kulturminne og kulturmiljø i planskildringa. Me påpeikte også at kapitlet måtte fokusera på kva påverknad og konskekvens planen kan ha på</p>	<p>Planen held seg til sjø. Ikkje naturleg at dette vert mykje omtalt her.</p>

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskriving av merknad
11	14.08.2023	Alver kommune kulturavdelinga	Alver	<p>I uttalen til første gongs høyring hadde me innspel til kapittel 5.3 Friluftsliv i planskildringa. I merknadsskjemaet står det at innspelet er tatt til orientering og at nokre endringar er gjort.</p> <p>Framleis omtalar kapittelet berre i liten grad kva type friluftsområde som finst i strandsona og på sjøen, kva for kvalitetar slike område har, og korleis dei vert nytta i dag. Kapittelet seier heller ingenting om kva type friluftsliv folk driv med, bortsett frå padling, som no er tatt inn. Det er viktig å peika på at båttrafikk, inkludert vass-scooterar, kan utgjera ein potensiell fare for kajakkpadlarar, sup-brett og badande om det kjem for tett på. Badeplassar og friluftsområde i tilknytning til båthamner utgjer såleis ein potensiell konflikt. Me ber om at dette vert tatt inn i planskildringa.</p>	Meiner det som er omtalt er dekkande nok for dette arbeidet
11	14.08.2023	Alver kommune kulturavdelinga	Alver	<p>Det er positivt at innspela som gjeld kapittel 3.1.7-3.1.11 i føresegnene er tatt omsyn til. Når det gjeld parkeringsplassar ynskjer me at det står «minst 10 % av parkeringsplassane skal vera tilgjengeleg for ålmenta, med ei minstegrensa på to parkeringsplassar. Tilkomst til parkeringsplassane skal vera open og tilgjengeleg heile året.» i staden for «Minimum 2 stk. og inntil 10% av parkeringsplassane skal vere open og tilgjengeleg for ålmenta heile året».</p>	Krav til parkering må takast i samanheng med arealplan for land og føresegn der.
11	14.08.2023	Alver kommune kulturavdelinga	Alver	<p>Uttoskavågen har planføremål naturområde. I førre uttale skreiv me at: «Dette området vert i dag nytta som uthavn for båttrafikk og er tilrettelagt for det. Det er viktig at planformålet ikkje er i konflikt med eksisterande bruk av området.». Dette er ikkje kommentert i merknadsskjemaet, og det er heller</p>	Det er ikkje noko forsla om å gjere om på planføremålet frå Alver kommune. Det at bruken i dag ikkje er i samsvar med gjeldande arealføremål gir ikkje automatisk endring.

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad
11	14.08.2023	Alver kommune kulturavdelinga	Alver	På høyringssida (3. gongs begrensa høyring og offentleg ettersyn - Planforslag for Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland - Region Nordhordland) er det lenka til ein gamal versjon av kunnskapsgrunnlaget. Om dette er siste versjon, er ikkje feil kommunenamn retta slik det står er gjort i merknadsskjemaet.	Tatt til orientering.
11	14.08.2023	Alver kommune kulturavdelinga	Alver	Innspelet vårt om at kommunale kulturmiljøplanar manglar i kjeldelista i kunnskapsgrunnlaget er ikkje kommentert i merknadsskjemaet. Kommunale kulturmiljøplanar må takast med i kunnskapsgrunnlaget, og kunnskapsgrunnlaget må basera seg også på desse.	Tatt til orientering. I den grad ulike kulturminneplanar skildrar område med meir som både gjeld både sjø og land må dette takast i samanheng med samla arealplan
11	14.08.2023	Alver kommune kulturavdelinga	Alver	Me kan ikkje sjå at val av omsynssoner for friluftsliv og arealføremål friluftsliv byggjer på eit oppdatert og lokalt forankra kunnskapsgrunnlag. Omsynssoner H530 og arealføremål friluftsliv må for Alver kommune basera seg på oppdaterte kunnskapsgrunnlag, som kartlegging og verdsetting av friluftsområde frå 2016, eller aller helst den reviderte kartlegginga frå 2023, Temaplan for friluftslivets ferdselsårer og Plan for ro- og padleruter. Interkommunal plan for sjøareal må ikkje basera seg på kartlegging frå 2008 eller andre eldre kartleggingar, då desse er mangelfulle, utdaterte og ikkje lokalt forankra. Planarbeidet må heller ikkje sjølv ta for seg å gjere interessekartleggingar for friluftslivet, men basera seg på eksisterande kunnskap som nemnt over. Me har fleire gonger etterlyst informasjon om kva kartleggingar som er nytta for å setja omsynssone H530 og arealføremål friluftsliv i denne planen (omtalt som «offisiell kartlegging» og «nasjonal form for kartlegging» i merknadsskjemaet), men har ikkje fått tilsendt dette.	Tatt til orientering. I den grad ulike kartleggingar for friluftsliv skildrar område med meir som både gjeld både sjø og land må dette takast i samanheng med samla arealplan

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad
11	14.08.2023	Alver kommune kulturavdelinga	Alver	<p>Når det gjeld omsynssoner kan me ikkje sjå at det går fram av verken føresegnene, planskildringa eller kunnskapsgrunnlaget kva for kriterium som er lagt til grunn for at eit friluftsområde vert vurdert til å ha regional verdi og dermed skal ha omsynssone (jf føresegnene kapittel 4.1.3.a). I kunnskapsgrunnlaget er ei rekkje friluftsområde som er kartlagt og verdisett som svært viktige lista opp i kap 4.4.3 medan ein i kapittel 4.4.4 listar opp fleire omsynssoner friluftsliv, utan at desse er registrerte i lista over kartlagde friluftsområde i kapittel 4.4.3. Kva for kriterium som er sett for at desse har fått omsynssone er ikkje opplyst. Ut frå dette ser det ut til at val av omsynssoner og arealføremål for friluftsliv byggjer på eit eldre og utdatert kunnskapsgrunnlag.</p>	<p>Dette må Alver sjå nærare på i sitt arbeid med samla arealplan.</p>
11	14.08.2023	Alver kommune kulturavdelinga	Alver	<p>Det er også uklart kva som er bakgrunn for at nokre område har fått arealføremål friluftsliv medan andre friluftslivsområde ikkje har fått det. Svært viktige friluftsområde på og ved sjøen t.d. badeplassane på Fløksand og Kvamsvågen (jf kartlegging og verdisetjing av friluftsområde 2016 og 2023) er utelatt, medan andre som er vurderte til å ikkje ha særleg verdi eller som berre i liten eller ingen grad er nytta til friluftsføremål er tatt med. Dette gjeld mellom anna Brupollen, som ligg tett ved industriområdet langs Toskavegen og som me ikkje kjenner til vert nytta til friluftsføremål. Viktige friluftsområde på og ved sjøen må få føremål friluftsliv i planen.</p>	<p>Dette må Alver sjå nærare på i sitt arbeid med samla arealplan.</p>

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskriving av merknad
12	14.08.2023	Vestland fylkeskommune		<p>Nytt AK-område ved Senoksen opnar for etablering av eit større anlegg, og avvikling av anlegga ved Allersholmen og ved Bøøy.</p> <p>AK-områda ved Allersholmen og Bøøy er etablerte, og bør kunne vidareførast med lengre brakkleggingsperiodar og/eller redusert produksjon, annan teknologi eller annan art.</p>	<p>Vurderer ikkje det som aktuelt å fortsette med lokalitetane Allersholmen og Bøøy. Områda har også kvalitetar som ein ønskjer kan nyttast til meir allmenn formål. Den totale belastninga i vassresipeinten er utfordrande.</p>
12	14.08.2023	Vestland fylkeskommune	Masfjorden	<p>AK-område ved Ådnekvamme er redusert for at motsegn bør kunne vurderast på nytt.</p> <p>Lokaliteten Ådnekvamme er i bruk med semilukka teknologi i dag. Vestland fylkeskommune meiner det er trong for eit utvida areal for vidareutvikling av teknologiske løysingar.</p>	<p>Forslaget er ei utviding.</p>
12	14.08.2023	Vestland fylkeskommune		<p>Planleggar har no lagt inn kulturminnedata som er fullstendig ved 3. gongs høyring. Motsegn fell bort.</p>	<p>Tatt til orientering</p>

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskriving av merknad
12	14.08.2023	Vestland fylkeskommune		<p>Slik det kombinerte føremålet er arealavgrensa vil det fleire stadar vera trong for å legge fortøyingar utafør dette området. Grunnen til dette er at fortøyinglinene vert for bratt til å få anleggssertifikat.</p> <p>I Føresegn 3.1.9 a heiter det mellom anna: Fortøyingar kan ved behov gå utanfor område avsett til akvakultur (AKV) og tilhøyrande kombinert føremål (VK_AKVFE) dersom dette ikkje er i konflikt med tilgrensande arealbruk.</p> <p>Denne føresegna sikrar at fortøyingar kan leggjast utafør AK-område og tilhøyrande kombinerte føremål for alle anlegg i planområde dersom det ikkje er konflikt med tilgrensande arealbruk, og er sær s viktig, og gjer det mindre aktuelt med dispensasjonssaker i kommunane framover.</p> <p>Vi meiner at intensjonane med AK-område med tilhøyrande kombinerte føremål er gode, men at områda for fortøyingar vert for små, og at ein ved å gjere det slik i stor grad vil få etablert fortøyingar og utafør område for kombinerte føremål. Vestland fylkeskommune meiner at kvaliteten på areal for kombinerte formål i plankartet er for dårleg og kan takast ut.</p>	<p>Dei kombinerte formåla er tatt med for å vise verknaden av akvakulturanlegga. Dersom områda er for små bør det heller sjåast på storleiken på områda.</p> <p>Rettleiinga for planlegging i sjø angir 3 moglege framstillingar. I denne planen er det nytta VKA som gir rom for fleirbruk. Det viser kva antatt areal som vert påverka når eit anlegg vert etablert.</p> <p>I plansamanheng gjer me erfaring med dette. Ved komande revisjon kan det vere naturleg at forslagstiller sjølv må kome med forslag til ankringsareal som da gir grunnlag for det kombinerte formålet og KU.</p>

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad
12	14.08.2023	Vestland fylkeskommune		<p>Til alle AK-områda er det laga ei ny føresegn som ikkje var med i fyrste eller andre gongs høyring :</p> <p>Planen opnar ikkje for tiltak som ikkje er i samsvar med planen. Det kan berre gjevast løyve til tiltak som kan skje utan forverring av miljøtilstand i resipienten/vassførekomsten og for vill anadrom fisk, jf. pbl. §§11-9 nr.6, vassforskrifta §§ 4 og 12, lakse- og innlandsfiskelova §§ 1, 2 og 7, naturmangfaldslova §§ 4, 5 og 13 (jamfør kvalitetsnorm for villaks). Tiltak må heller ikkje vere til hinder for å nå miljømåla.</p> <p>Med denne nye føresegna er Vestland fylkeskommune uroa for at ein på konkrete og detaljerte akvakultursøknad skal kome i situasjonar der faginstansane har ulik oppfatning av om tiltaket er i samsvar med arealplanen. Vestland fylkeskommune tilrår sterkt at den nye føresegna som regulerer om eit tiltak er i samsvar med arealplanen og korleis tildeling av løyve etter Akvakulturlova skal gå føre seg i eit AK-område må takast ut.</p>	<p>"Miljøparagrafen" er ein konsekvens av at Pbl er ein samordningslov der kommunen skal ivareta mange interesser. Desse interessene er mellom anna miljøtilstand og fare for forureining.</p> <p>Her er det satt meir konkrete krav som vil gjere det tydelegare om kva som vert krevd.</p> <p>Statsforvaltaren er veldig tydeleg på at denn "miljøformuleringa" må med og er avgjerande for å kunne legge ut nye/endra lokalitetar.</p>
13	14.08.2023	Fiskeridirektoratet		<p>Område for råstoffutvinning ved Høgholmen er teke ut av planen ved 3. gongs begrensa høyring. Motsegna er såleis imøtekomen gjennom endring av planframlegget. Fiskeridirektoratet trekk attende motsegn.</p>	<p>Tatt til orientering</p>
13	14.08.2023	Fiskeridirektoratet		<p>Plankart</p> <p>Plankarta er etter vår vurdering ikkje tilstrekkeleg konsistent med planføresegna, særleg peiker vi på at gytefelt ikkje er fullstendig lagt inn med omsynssone på karta. Av omsyn til lesbarheit og forståing av planen, meiner vi at kartdokumentasjon som er nytta er lite eigna og at karta er lite lesbare på det formatet dei er presentert på i høyringa.</p>	<p>Gytefelt har vore registrert med i kart som "Fiske". Har vore ulik praksis på området. Vil undersøke om det bør endrast til omsynssone.</p> <p>Lesbarhet - vil forsøke å få planen presentert i Nordhordlandskart slik at den kan ligge ut digitalt. Det vil gjere den meir lesbar.</p>

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad
13	14.08.2023	Fiskeridirektoratet		Vi finn framleis ikkje at dei 4 nye områda for råstoffutvinning som vart teke med i 2gH av planen er konsekvensutgreia. Vi gjer merksam på at uavhengig av om det er gjeve løyve til uttak av skjelsand etter sektorlovverket for råstoffutvinning, er det krav om konsekvensutreiing av nye område i kommuneplanen sin arealdel.	Det vert ikkje laga KU for dei areala er tatt i bruk.
13	14.08.2023	Fiskeridirektoratet		Planføresegna Vi stadfester at einskilde av våre merknader til planføresegna i 2gH er følgd opp i 3gH av planen: - 2.5 b) - 3.1 f) - 3.1.1 b) - 3.1.8 - 3.2 - retningsline - 4.1.1	Tatt til orientering
13	14.08.2023	Fiskeridirektoratet		Det er uklart for Fiskeridirektoratet kva som er intensjonen bak føresegna. Første setning, «Planen opnar ikkje for tiltak som ikkje er i samsvar med planen», informerer om regelverk som allereie følgjer av pbl § 11-6 om rettsverknad av kommuneplanens arealdel. Eventuell informasjon om	Punktet vert noe omformulert - gjort i samråd med Statsforvaltaren (SF). Dette punktet er heilt avgjerande for at SF kan godta planen.

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad
13	14.08.2023	Fiskeridirektoratet		Andre setning inneheld referanse til regelverk som følgjer av to lover, ei forskrift og ei retningsgjevande kvalitetsnorm. Det er uklart for oss om intensjonen bak føresegna er å gjenta dette regelverket, eller om føresegna er meint å innehalde krav utover dei som følgjer av lov/forskrift. Viss det førstnemnde er meininga, så er føresegna unødvendig. Viss meininga er å innføre nye miljøkrav, jamfør tilvisinga til pbl § 11-9 nr. 6, må det kome klart fram kva som er innhaldet i desse krava, og om dei er innanfor det som kan heimlast i denne paragrafen. Dette er informasjon som burde kome fram av planomtalen.	Punktet vert noe omformulert - gjort i samråd med Statsforvaltaren (SF). Dette punktet er heilt avgjerande for at SF kan godta planen.
13	14.08.2023	Fiskeridirektoratet		Omsynssone Vi kan ikkje sjå at lova gjev opning for føresegnene som framleis er del av planframlegget. Vi ber om at konkretiserer kva de meiner er heimel for føresegnene heimla i pbl § 11-8 c.	Vurderinga er at føresegna 4.1.3 kan nytte pbl §11-8 c som heimel. Føresegna inneheld det som er tatt opp i pbl 11-8 c om retningslinjer og vilkår for tiltak og kva omsyn som skal vektleggast.
14	14.08.2023	Bergen Havn		BHF IKS har sett på endringene som er gjort, og har ingen ytterligere merknader til planforslaget. Vår uttale til 2. gangs høringen legges ved for ordens skyld.	Tatt til orientering

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad
15	14.08.2023	Forum for natur og friluftsliv Hordaland		<p>4632-156-1 Øksnesmarka – kombinert formål akvakultur og hamn</p> <p>Øksnesmarka er et viktig område både for naturmangfold av nasjonal og vesentlig regional verdi, der flere rødlistede og også truede arter er funnet i området, i tillegg til kystlynghei, som er en utvalgt og sterkt truet naturtype. Området er også viktig for friluftsliv og folkehelse. Det er etter vår mening for tidlig å sette av et slikt areal nå, i tilfelle reguleringsplanen for næringsområdet N18 Øksnesmarka skulle bli vedtatt og godkjent av overordnede planmyndigheter.</p>	Tatt til orientering
15	14.08.2023	Forum for natur og friluftsliv Hordaland		<p>Vi stiller oss også skeptiske til endringen av akvakulturlokaliteten Øksneset, siden den ifølge konsekvensutredningen vil båndlegge 20–25 prosent av rekefeltet i Åråsvagen (ref. høringsuttalelse fra Naturvernforbundet Nordhordland).</p>	
15	14.08.2023	Forum for natur og friluftsliv Hordaland		<p>Som flere høringsparter har bemerket gjennom de to foregående høringsrundene, er det aktuelle sjøområdet – da som del av produksjonsområde 4 (PO4) – allerede overbelastet når det gjelder lakselus, med bakgrunn i områdets lakseoppdrett.</p> <p>Til tross for de alvorlige forholdene for villaks og sjøørret i Nordhordland, legger den interkommunale sjøplanen opp til business as usual – noe vi mener er uforsvarlig arealpolitikk og naturforvaltning, tatt i betraktning dagens situasjon for villaks og sjøørret i området.</p>	Tatt til orientering - vil bli jobba med vidare også utanfor arealplan

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskriving av merknad
16	06.12.2022	Inge Borge	4634	I dette bustadområdet har eiendommene egne brygger og naust som er godkjent ihht planstatus for Masfjorden kommune. Dette området er et eldre bustad felt som ble bygd ut for ca 30-40 år siden og da med egne brygger og naust. For at området skal være i samsvar med kommuneplanen for Masfjorden, er forslaget å definere dette området som Småbåthavn, ABA-3.3.1- Andre typar bygg og anlegg-Brygger og Småbåtanlegg.	Ein har forståing for ønskje om å få utvida arealet for småbåtanlegg lenger sør i Skjelsundet. I tilbakemeldingane i høyringane og i dialog har Statsforvaltaren (SF) vor tydeleg på at areal til småbåthamn i størst mogeleg grad bør sjåast på i samanheng med kommuneplanen sin arealplan for land. SF ville i utgangspunktet at areala til småbåthamn og småbåtanlegg vart flytta til kommuneplanen for land. Dette har vore SF sitt syn i heile høyringsprosessen frå 1GH. I dei framlegga som har vore til desse areaføremåla har dei blitt redusert og nokon tatt ut. Dette har blitt gjort for å unngå motsegn til planen. Med dei klare signala frå SF har det ikkje vore aktuelt å ta inn nye område til desse føremåla etter 1. gongs høyring. Å ta inn nye areal no, meiner ein kan medføra nye utsettingar i det vidare planarbeidet.
17	01.09.2023	Statsforvaltaren i Vestland	Fedje	Statsforvaltaren opprettheld motsegn til akvakulturområde ved Hjeltevarden	Går til meking. Kystverket hadde ingenting å gi på sitt standpunkt. Så motsegnet vert ståande etter meklingsmøte 25.09.23
17	01.09.2023	Statsforvaltaren i Vestland	Masfjorden	I Hostelandsosen er endra på, slik at det SH 32 vert litt større og SH 33 er vesentleg redusert. Statsforvaltaren meiner framleis at strandsoneverdiane i Hostelandsosen tilseier at begge båthamnene bør takast ut av omsyn til særleg landskap og friluftsliv på sjø. Vi rår primært til dette. Vi finn likevel at vi kan godta SH 32, som ligg nærast dei andre hamneområda Hosteland. SH 33 må då takast heilt ut.	Tatt til følgje. SH 33 tatt ut. Godtatt SF sine krav

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskriving av merknad
17	01.09.2023	Statsforvaltaren i Vestland	Masfjorden	Når det gjeld Solheim (SH 9) er arealet redusert, det er lagt omsynsone på badeområdet og det er plankrav til området i føresegnene. Statsforvaltaren trekkjer difor motsegna til dette området.	Tatt til orientering
17	01.09.2023	Statsforvaltaren i Vestland	Masfjorden	Statsforvaltaren opprettheld motsegn til akvakulturområde på land og i sjø på Totland.	Går til mekling. Resultat av mekling var at ein i føresegn må sette krav om at slamledning må førast utanfor terskelfjorden. Med det frafallt SF sitt motsegn i meklingsmøte 25.09.23
17	01.09.2023	Statsforvaltaren i Vestland	Austrheim	Statsforvaltaren opprettheld motsegn til akvakulturområde ved Øksnesmarka.	Går til mekling. Resultat av mekling var at arealet om kombinert formål vert teke ut. I KU som vert jobba med for arealet på land vil vise om arealet i sjø kan vere egna som eit kombinert føremål for hamn og akvakultur. Med det frafallt SF sitt motsegn i meklingsmøte 25.09.23

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad
17	01.09.2023	Statsforvaltaren i Vestland	Masfjorden	<p>AK-området Ådnekvam er no så redusert at Statsforvaltaren vel å trekkje motsegna til dette området. Vi ønsker likevel å presisere at AK-området ligg innafor ein terskel i Masfjorden, og det er store utfordringar i denne vassførekomsten.</p> <p>Det er også fleire andre anlegg i fjorden som har måtte ta ned biomassen sin pga denne situasjonen. AK-anlegget på Ådnekvam kan ikkje på noverande tidspunkt forvente å få auka utsleppsløyve, sjølv om dei får auka areal. Om tilstanden i fjorden vert betre, må ein rekne med at andre anlegg i området bør få auka si biomasse før anlegget på Ådnekvam. Vi rår til at det vert lagt inn eit rekkefølgjekrav om dette i planen.</p>	Tatt til orientering
17	01.09.2023	Statsforvaltaren i Vestland		<p>Føresegna er endra til 3. gongs offentleg ettersyn. Andre avsnitt er no betre, men Statsforvaltaren meiner den må vere enda klarare og føreslår følgjande tekst:</p> <p>«Planen opnar ikkje for tiltak som kan forverre miljøtilstand i resipient/vassførekomst, og som kan redusere bestandstilstanden til vill anadrom fisk (laks og sjøaure), jf. pbl. §§11-9 nr.6, vassforskrifta §§ 4 og 12, lakse- og innlandsfiskelova §§ 1, 2 og 7, naturmangfaldslova §§ 4, 5</p>	Tatt inn i føresegna
17	01.09.2023	Statsforvaltaren i Vestland		<p>Sjøområda i Nordhordland har ein intensiv bruk og mange forskjellige interesser. Statsforvaltaren har difor meint at areal for fortøying av akvakulturanlegg bør vere vist i plankartet, og det bør sikrast at dei ikkje kjem i konflikt med andre omsyn. Vi meiner dette vil vere i samsvar med rettleiar for planlegging i sjøområda. Den er no lagt inn kombinert formål der fortøyingar inngår rundt nye eller vesentleg endra areal for akvakultur og føresegn for fortøyingar er endra. Vi meiner dette er ein forbetring sidan 2. gongs offentleg ettersyn, men meiner temaet bør arbeidast meir med.</p>	Er jobba vidare med - litt mindre endringar på arealet

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad
17	01.09.2023	Statsforvaltaren i Vestland		Når ein tar med noverande formål for småbåthamner og småbåtanlegg i denne sjøplanen utan vurdering av eksisterande formål, må desse planformåla gjennomgåast og vurderast i kommande rullering av kpa i den einskilde kommune slik vi har gjort greie for ovanfor. Det er vilkåret for at Statsforvaltaren ikkje krev at desse må takast ut av planen. Alternativt vil vi ha motsegn til desse formåla.	Dette er tatt inn og omtalt i planskildringa
17	01.09.2023	Statsforvaltaren i Vestland		Partane er samde om at det ikkje treng vere plankrav for alle dei vidareførde areala for småbåthamn og småbåtanlegg. Der desse er bygd ut, områda er tatt i bruk, treng det ikkje vere plankrav. Det som reguleringa skal fastsette, sjå m.a. eksempla ovanfor, kjem ikkje inn her utan at det framleis er område som ikkje er fullt utbygde. Dei områda som er tatt i bruk og bygd fullt ut, er partane einige om at kan vidareførast utan plankrav.	Tatt til orientering
17	01.09.2023	Statsforvaltaren i Vestland	Modalen	Vi nemner særskilt at dei to småbåtanlegga i tabell 14 i Modalen kan takast inn utan plankrav. Det er tale om to mindre område og dei er tilstrekkeleg utgreidde i planen.	Tatt til orientering
17	01.09.2023	Statsforvaltaren i Vestland		For område i tabell 17 i Masfjorden må arealomfanget snevrast inn, og det må settast rammer for storleiken eller området må ha krav om reguleringsplan. Slik det er no er området for vidt. Det må komme klårare fram at det er plankrav for området BKB2 Hoshovde i Osterøy kommune i pkt. 3.3.2 a iii b.	Er tatt inn

Nr	Dato	Avsender	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsender	Merknad - svar avskriving av merknad
17	01.09.2023	Statsforvaltaren i Vestland		For dei andre formåla for småbåthamner og småbåtanlegg må ein skilje mellom dei som er tatt i bruk fullt ut og ikkje treng plankrav og dei som ikkje er bygd og må ha krav om detaljplan. Dei siste må ein vurdere på nytt i rullering av kpa innan den einskilde kommune saman med resten av strandsona, både om dei skal vidareførast, eventuelt omfang og om det skal vere plankrav slik som skildra ovanfor.	Har hatt ein gjennomgang av alle areala og oppdatert tabellane slik SF har bedt om.
17	01.09.2023	Statsforvaltaren i Vestland		I pkt. 2.1.2 er det foreslått unntak for mindre tiltak etter fleire føresegner i pbl. Etter sitt innhald vil fleire av unntaka opne for å gjere tiltak før det er fastsett kor anlegget skal ligge og også å utvide anlegga utover dei rammene som er fastsett i føresegna. Unntaket opnar for slike tiltak utan dispensasjon og utan medverknad frå andre instansar. Det bryt både med kva som skal vere innhaldet i ein reguleringsplan og med prosessen for det. Eksempla på unntak er henta frå byggesaksdelen av kpa og som er meint for anna utbygging som t.d. innan område for bustad eller fritidsbustad. Det kan vere ei årsak for at reglane ikkje passer inn her. Føresegna må takast ut.	Er opdatert og endra
17	01.09.2023	Statsforvaltaren i Vestland		Det gjeld også for alle stader i føresegnene der dette unntaket er tatt inn, som pkt. 3.1.7 d andre avsnitt og 3.3.2 a og eventuelle andre stader.	Er tatt ut

Nr	Dato	Avsendar	Kommune	Tekst - merknaden - frå avsendar	Merknad - svar avskrivning av merknad
17	01.09.2023	Statsforvaltaren i Vestland		Det er ikkje noko til hinder for at ein har unntak frå plankravet for tiltak som er innan dei fastsette rammer for anlegga, innan det fastsette i reguleringsplanen og som ikkje endrar på karakteren eller fører til bygging av andre tiltak enn sjølve flytebryggene. Unntaka må ikkje gå på tvers av det som høyrer heime i planprosessen. Vi minner også om at ordinært vedlikehald ikkje krev plan eller løyve.	Ny pkt 2.1.2 gir ramma for dette
17	01.09.2023	Statsforvaltaren i Vestland		Det er ikkje rom for å fastsette at ein kan godkjenne kai, brygge og flytebrygge andre stader enn innan formåla for dette. Føresegner som opnar for slike tiltak utanom formåla, eventuelt i strid med det som er formålet, må takast ut. I planforslaget er det opna for slike mindre tiltak innan andre formål og i stor utstrekning utan plan eller dispensasjon. Desse føresegnene må takast ut. Det gjeld: <ul style="list-style-type: none"> • Pkt. 3.1.12 første avsnitt iii på s. 22 • Pkt. 3.2.1 b iii på s. 23 	Er tatt ut
17	01.09.2023	Statsforvaltaren i Vestland		I tillegg må heile unntaket for private flytebrygger og båtfeste på s. 27 takast ut, tidlegare pkt. 3.3.2 a. Det gjeld heile side 27, alle unntaka og skildringane her. Dette opnar for flytebrygger langs strandsona i ein vesentleg grad utan formål for det, utan planavklaring og utan dispensasjon.	Er tatt ut
17	01.09.2023	Statsforvaltaren i Vestland		Statsforvaltaren har framleis motsegn til føresegn og plankart.	Er gjort endringar for å kome SF sine krav i møte